

Åkrafjord-tur 7. oktober

25.09.2008

Åkrafjord-turen blir tysdag 7. oktober, opplyser Kristian Bringedal.

Den lenge annonserte turen som Uskedalen Utvikling skal arrangera til Åkrafjorden blir tysdag 7. oktober, opplyser prosjektleiar Kristian Bringedal. Han tek i mot innmeldingar og håpar at minst 10 uskedelingar vil finna det interessant å reise til og læra meir ved nabofjorden i sør.

Det er frammøte ved Grana klokka 14 og reise med ferja frå Utåker klokka 15. I opplegget inngår også ein båttur på Åkrafjorden.

Ikkje minst har folket ved Åkrafjorden gjort ein stor innsats for å synleggjera og markedsføra attraksjonane og tilboda sine. På biletet over ein av dei største attraksjonane - Langfossen.